

**Fra:** Borsholm Thomas <tbo@odfjelldrilling.com>  
**Sendt:** fredag 9. september 2022 13:21  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** FW: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes  
**Vedlegg:** 2022.08.04\_Alver\_kommune\_Post\_fra\_4631\_Alver.pdf

Kopi av mail under sendt til Hanne Marie Evensen og Are Frøysland Grande.

**From:** Borsholm Thomas  
**Sent:** fredag 9. september 2022 13:12  
**To:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>  
**Cc:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>; Reimund Borsholm <[reimund.borsholm@gmail.com](mailto:reimund.borsholm@gmail.com)>  
**Subject:** RE: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei,

Eg har prøvd å ringe dykk nokre gonger utan hell.

Som de sikkert forstår er eg ute etter veiledning på korleis vi kan få på plass dei naudsynte vedtaka for å starta byggearbeidet. Vedlagt er motteke informasjon frå kommunen om påkoblingspunkt som skal komme i området og som vi har innretta rørsystem i samsvar med. Tidlegare har eg sendt tinglyste avtaler med dei involverte om rett til røyrføringar for å kunne kobla til kommunalt punkt. Dette er så langt eg kjem før røyrløysing kan kobla til punktet.

Slik eg har tolka reglane skal eg ikkje ha eit vedtak for bortleding av avløpsvann om eg skal kobla meg til eit kommunalt anlegg, då det er dette anlegget som då etablerer denne typen vedtak.

Tidlegare har vi fått avslag på å etablere slamutskillar og overvann til sjø i området (ref møte med Molvik og andre), grunngravinga var då at nett dette reinseanlegget skulle etablerast. Eg er klar til å kople meg til og har gjort naudsynte førebuingar. Det gjenstår ei lengre tids byggeperiode før eg er klar til å ferdigmelda eit bygg og dermed bør det vera tid til å realisera dei planane som foreligg i parallell med mine byggeaktivitetar.

Slik det har vore kommunisert til meg no er det ingen mogelege utfal på denne saka då opplegg og avtalar for å kobla meg til nytt kommunalt anlegg ikkje er vurdert som tilstrekkeleg for igangsetjing av byggearbeida og då eg tidlegare har fått melding om ikkje å etablere privat løysing for bortleiing av avløpsvatn.

Eg vil nok ein gong be om veiledning på kva som skal til for å kunna gå vidare i byggeprosessen. Slik det står no har eg ingen veg å gå med dette og eg har heller ingen kontaktpunkt i kommunen som kan gje meg ei forståing for saka då de ikkje er tilgjengeleg på telefon eller svarar på mine epost henvendingar.

Helsing

Thomas Borsholm  
93240409

**From:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>  
**Sent:** mandag 22. august 2022 00:31  
**To:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>  
**Cc:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>  
**Subject:** Re: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hanne,

Dette er eg veldig overraska over. Når vi søkte om å få anlegga septik for fleire år sida for dette formålet fekk vi avslag med grunnlag i at det skulle etablerast kommunalt reinseanlegg i området og ein ynskte ikkje fleire punktutslepp i området.

No seier de at det vil at eg skal etablera septik fram til det kommunale anlegget er på plass, sjølv om eg ikkje skal nytta dette i byggeperioden. Eg klarar ikkje å forstå at dette kan vera riktig.

Eg treng eit møte med deg og din leiar for å få ei avklåring på om det er dette de meiner eller om vi snakkar forbi einannan.

Vi kan gjerne ta møtet på Teams om det høver best.

Høyrer frå deg.

Helsing

Thomas

Get [Outlook for Android](#)

---

**From:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>  
**Sent:** Friday, August 19, 2022 9:24:56 AM  
**To:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>  
**Cc:** Are Frøysland Grande <[are.froysland.grande@alver.kommune.no](mailto:are.froysland.grande@alver.kommune.no)>  
**Subject:** SV: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei igjen

På grunn av sykdom har jeg ikke hatt mulighet til å svare deg tidligere.

Har avklart med leder nå, og det må foreligge en godkjent avløpsløsning før vi kan gi igangsettingsløyve. Det er ikke nok at de privatrettslige rettighetene er sikret etter pbl § 21-6 slik du nevner.

Pbl §§ 27-1 og 27-2 gjelder tilknytning til vann- og avløp, og det er presisert i § 27-1 første setning at

«bygning ikke må føres opp...» (utdrag) med mindre det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann.

Videre følger det av § 27-2 at bortledning av avløpsvann må være sikret og «i samsvar med forurensingsloven». Dette vilkåret innebærer at dersom det etter forurensingsloven er krav om samtykke eller vedtak for bortledning av avløpsvann, må dette ligge med byggesøknaden for at vilkåret i pbl § 27-2 første ledd skal være oppfylt. Et slikt vedtak foreligger ikke, og vi kan derfor ikke gi igangsetting til tiltaket.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**Frå:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>

**Send:** fredag 12. august 2022 14:35

**Til:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Emne:** RE: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei, Hanne,

Eg snakka med Hogne og forklarte det eg skreiv i min epost. Basert på vår kommunikasjon forstår eg at han var samstemd i at eg har sikra avlaup gjennom tinglysinga av papir og då eg vil søkje om tilkopling til komunalt anlegg når bygget nærmar seg ferdigstilling vil eg ikkje trengje utsleppsløyve.

Hogne sa han skulle snakka med deg. Håpar vi med dette kan fortsette neste steg i bygginga.

Thomas

**From:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Sent:** fredag 12. august 2022 12:45

**To:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>

**Subject:** SV: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei

For at det skal kunne gis igangsettingstillatelse må vann- og avløp til og ut fra eiendommen være sikret. Du må derfor søke om utsleppsløyve etter forurensingsloven. Dette er avdeling for miljø og tilsyn som behandler.

Anbefaler deg å kontakte Hogne Askeland, som helt sikkert kan svare deg på spørsmål ifm. Utslepp og

midlertidig septik.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**Frå:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>

**Send:** tirsdag 9. august 2022 18:51

**Til:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Kopi:** Hogne Askeland <[hogne.askeland@alver.kommune.no](mailto:hogne.askeland@alver.kommune.no)>

**Emne:** RE: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hanne,

Beklager, ser at din forrige mail har havna i spam filteret mitt og dermed har eg ikkje sett svaret ditt tidlegare.

Historia her er jo at vi før det var snakk om renseanlegg og Nystølen søkte om å lage septik løysing for mitt bygg og for naboen. Dette var i 2017. Då Nystølen søknaden kom inn i sakshandsamingstida vart Septiksøknaden avslått på grunnlag av tilkopling til renseanlegg. Vi sa den gang at vi meinte dette var langt frem i tid og ville lage midlertidig septik for så å kople til renseanlegg når dette kom. Tilbakemelding den gong var at renseanlegget ville komme raskt og eg fekk disposisjon til å starte grunnarbeid.

Eg treng litt rettleiing her:

Slik eg forstår pbl §27-2 skal avløp vera sikra. Ut frå det forstår eg at rett til røyrføring over annanmanns grunn skal vera inngått og tinglyst før oppføring av bygg og tilkopling til kommunalt anlegg og bruk av avløp vil komme i samband med ferdigmelding og røyrløysing og den slags.

Vi har anlagt pumpestasjon for avløpsvann med røyrføring fram til grensa mellom 214/94 og 214/97 (tidlegare 214/2) kor vi har forstått at planlagt punkt for kommunalt avløpssystem skal kome. Derav er det som kan utførast på våre tomtar (214/94 og 214/108) utført.

Tilbake i 2016 inngikk vi avtaler om rett til føring av vann og avløp over 214/94, 214/108, 214/197, 214/200. Denne avtalen var laga med tanke på ei septikløysing, men etter mitt skjønn vil den óg dekkje ei løysing med pumping av avløpet til eit kommunalt punkt slik det no er planlagt og klarlagd for. Dei same tomtane er involvert og det samme felles ansvar vil vere gjeldande.

Med dette meinte eg at eg hadde sikra bortføring av avløpsvann i samsvar med pbl §27-2.

Er det framleis noko som manglar for at eg skal ha sikra dette i samsvar med pbl §27-2?

Helsing

Thomas  
93240409

**From:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Sent:** tirsdag 9. august 2022 08:20

**To:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>

**Subject:** SV: 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei

Viser til e-post sendt 12.07.2022 der jeg skrev følgende:



Hanne Marie Evensen

Til Thomas Borsholm

Arkivert i Websak

← Svar

← Sv

Hei

Det er dessverre ikke mulig å gi unntak fra utsleppsløyve da det følger av pbl § 27-2 første ledd at:

«Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal borssikret og i samsvar med forurensningsloven».

Som du nevner, så er det planlagt renseanlegg i område som dere kan koble dere på når dette er klart. Må både vann – og avløp må være sikret før oppføring av bygning, så må det i mellomtiden frem til renseanlegg løsning. Etter avklaring med avdeling for Miljø og tilsyn, så er det mulig å søke om midlertidig septik fram

Hogne Askeland jobber på miljø og tilsyn og kan nok svare på eventuelle spørsmål om privat avløpsløsning

Spørsmål vedr. rør må VA- avdeling svare på.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

**Frå:** Borsholm Thomas <[tbo@odfjelldrilling.com](mailto:tbo@odfjelldrilling.com)>

**Send:** mandag 1. august 2022 17:22

**Til:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Kopi:** Arne Helgesen <[arne.helgesen@alver.kommune.no](mailto:arne.helgesen@alver.kommune.no)>

**Emne:** 22/54315 - Unntak for utsleppsløyve gbnr 214/94 Fyllingsnes

Hei,

Eg lurar på om det vil bli gitt unntak for utsleppsløyve for neste byggetrinn, evt om du treng noko meir frå oss for å vurdere dette.

Samstundes hadde det vore nyttig for oss å få ei oversikt over dei planlagte røyrføringane i samband med etablering av avløpsanlegg i Litlevågsbrotet for å betre kunne planlegge for tilkopling til det kommunale anlegget som skal etablerast. Visar for øvrig til ArkivsakID [20/18413 - Miljøsak GBNR 214/94 og 214 Fyllingsnes - utslepp](#), kor det vert etterspurt eit møte for å klarlegge nettopp dette.